



Barnas barnehage Kløvheim
Mykingvegen 642
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 17/1415

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2017

Vedtak om godkjenning etter Barnehageloven § 10 - Barnas barnehage Kløvheim

Tidlegare Kløvheim barnehage er kjøpt opp av Charlotte Grimstad og har endra namn til Barnas Barnehage Kløvheim. I samband med ny eigar og etter at Miljøretta Helsevern var på tilsyn i barnehagen 15.03.2016, vert det skrive ny godkjenning på Barnas Barnehage Kløvheim.

Dokument i saka:

Barnehageloven § 6 Virksomhetens plikt til å søke godkjenning
Barnehageloven § 10 Godkjenning

Vedtak:

Barnas Barnehage Kløvheim vert godkjent etter Barnehageloven § 10 Godkjenning.

Barnas Barnehage Kløvheim har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 137 m². Barnehagen er godkjent for 34 barn over 3 år.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Barnas Barnehage Kløvheim vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Saksutgreiing / vurdering:

Barnas Barnehage Kløvheim er ein privat barnehage som leigar lokale i Kløvheim Bedehus. Barnehagen har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 137 m² jfr godkjenning frå Miljøretta Helsevern datert 15.03.2016. Dette gjev plass til 34 barn over 3 år. Inngjera uteareal er på 760 m². Etter rettleiande norm er inngjera utearealet i Barnas Barnehage Kløvheim i minste laget. Barnehagen kompenserer dette med felles leikeareal med Kløvheim skule. I tillegg nyttar dei naturområde i nærleiken av barnehagen, men dei har ikkje inngått grunneigaravtale.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 m² netto per barn over 3 år og 5,3 m² netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks ganger så stort som leike- og opphaldsarealet inne jfr §10 Godkjenning, Barnehageloven med merknader .



Barnas Barnehage Kløvheim er vurdert i høve til Barnehageloven:

- § 1 Formål
- § 2 Barnehagens innhold
- § 7: Vedtekter
- § 17 Styrer
- § 18 Barnehagens øvrige personale
- § 19 Styrar i barnehagen har stadfesta at dei tilsette har vist gyldig politiattest

Lovheimel: Barnehagelova § 6 Virksomhetens plikt til å søke godkjenning

Virksomheter som har ansvar for barn under opplæringspliktig alder, plikter å søke godkjenning som barnehage når:

- a. Virksomheten er regelmessig og ett eller flere barn har ukentlig oppholdstid på mer enn 20 timer, og*
- b. Antall barn som er til stede samtidig er ti eller flere når barna er tre år eller eldre, eventuelt fem eller flere når barna er under tre, og*
- c. Virksomheten utføres mot godtgjøring*
Virksomheter etter første ledd må være godkjent før driften settes i gang

Barnehagelova § 10 Godkjenning

Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf §§ 1, 1a og 2.

Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Grunngjeving:

På bakgrunn av innkomne dokument, og etter samtale med Charlotte Grimstad, vert Barnas Barnehage Kløvheim godkjent etter Barnehageloven § 10 Godkjenning.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De får dette brevet. Klagen skal stilast til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i barnehagelov.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Barnas barnehage Kløvheim

Mykingvegen 642 5913

EIKANGERVÅG